



Anne Sidsel Herdlevær
Fotograf
Anne.Herdlevar@uib.no

HAUKELAND UNIVERSITETSSJUKEHUS, DER BYGGA HAR FÅTT NAVN ETTER VIKTIGE PERSONAR. VI UNDRAR PÅ KVEN DEI VAR

MARIE JOYS (1872-1944) SJUKEPLEIAREN SOM FEKK GJE NAVN TIL EIT BYGG

Haukeland Universitetssjukehus er som eit lappeteppje av nytt og gammalt, og dei siste åra har byggeverksemda gått på løpande band. Noko vert reve, noko vert bygd og det siste som vart jevna med jorda var Barneklunikken, gava frå Sverige til det norske folk etter krigen. Då var det bra at det alt hadde reist seg eit flunkane nytt bygg som skal hysa borna, medan ny Barneklunikkk vert bygd. Ein vakker dag hadde det fått navn: Marie Joys' hus. Dei andre som hadde fått æra av å navngje bygg var alle menn og alle var slike eg hadde høyrte om før, men kven var Marie Joys, ho som hadde dette lette og muntre navnet?

Eg oppdaga snart at ho hadde imponerende merittliste, oversøster på kirurgiske avdelingar både i Berlin og i Bergen, ho var med å starta den første 3-årige sjukepleiarutdanninga i Norge, og deltok i stiftinga av Norsk Sykepleierforbund. Til alt overmål arbeida ho som sjukesøster i Balkankrigen.

Skal tru kva ho ville tykt om huset som har fått navnet hennar? Det har fasade av tre og det ser lunt og varmt ut, i motsetning til alle glashusa som dukkar opp overalt. Ho hadde kanskje ha sagt at huset heller burde kallast opp etter Camilla Struve, kollega og venn som ho ein gong sat saman med på ein benk, der einkvan fotograferte dei. Og godt var det, så vi kan sjå dei der dei set. Snart reiser dei seg og skundar seg inn att på avdelingane



Tilsette ved Bergen kommunale sykehus på Engen (mellom 1900 og 1912). Camilla Struve og Marie Joys nr. 6 og 7 frå venstre i fremste rekkje. Jørgen Sandberg i sixpence står bak Marie Joys. Han var direktør, overlege og leiar for den nye sjukepleiarskolen. Fotograf: Ukjent

sine, for det var mest berre når dei handla julegaver til pasientar og personale at dei kunne var ute samtidig.

BERGEN KOMMUNALE SYKEHUS

Medan Haukeland enno var på planleggingstadiet arbeida Marie Joys i mange år på Engen i Bergen sentrum. No ville det seg slik at Nils Backer-Grøndahl som

seinare vart både overlege og direktør på Haukeland, var assistentlege der i studietida i 1902.

«Hvor jeg husker henne fra den første tid på det gamle sykehus», skriv han i forordet til Marie Joys si erindringsbok. «Hver morgen kom hun trippende over gårdsplassen strålende og smilende, for å gå til den kirurgiske barakken til dagens tungvindte og slitsomme arbeid.... og hver



Marie Joys t.v. og Camilla Struve. Dei var travle ovesøstre på kvar si avdeling, både på det gamle og nye sjukehuset.

middag vandret hun tilbake til gamlebygget fylt av begeistring over det arbeid som var utført under disse forhold. Ofte sprudlet hun av latter over en eller annen komisk hendelse. Hun måtte straks fortelle den. Ja- hun var fylt av en betagende vitalitet».

Heilt frå ho var lita visste Marie Joys at ho ville verta «sykepleierske», men ikkje korleis det skulle gå til. Godt var det då at far hennar, Wessel Joachim Reehorst Joys som den gongen var arméaptein, hadde råda alle borna sine til å ta utdanning og i utlandet.

Etterkvart fekk Marie spurt seg fram til Victoriahaus i Berlin og søkte om plass der. Dette var ein 3-årig skole bygd etter Florence Nightingale sitt mønster. I Norge var det berre diakonissene som hadde opplæring i yrket på den tida.

Det var slett ikkje utan motstand at ho kom seg avgarde, det vart sådd tvil om ho kunne makta dette yrket, då ho som var så

lita av vekst. Så fekk ho problem med ein arm som hovna så voldsamt opp etter ei vaksine, at ho vart innlagt på sjukehuset i 3 veker. Armen vart heldigvis god igjen og på sjukehuset fekk ho låna ei bok om sykepleie og vart enno meir oppsett på dette studiet.

Ho såg på personalet som vikla opp bandasjar i ledige stunder, og seinare fekk ho instrumentmakaren i Berlin til å laga ei «bindviklemaskin» som ho sende til Bergen. I løpet av åra skulle ho skaffa mykje nytt, både praktisk og teknisk utstyr til sjukehuset.

På sjukehuset fekk ho god kontakt med kirurg og overlege Sandberg, som vart svært interessert i planane hennar om utdanning i Tyskland. Han tok henne med på operasjonsstova, og det at ho besvimte første gongen, var ikkje til hinder for at ho i tida framover overvar operasjonar heilt til ho skulle reisa.

VICTORIAHAUS

Den 1. oktober 1892 møtte Marie Joys opp på Victoriahaus elevhjem ved Friedrichshains sykehus. Der møtte ho den mektige «Oberin» som herska over elevane. Det var hardt arbeid og lange dagar, frå klokka seks om morgonen til åtte om kvelden, søndag som kvardag. Nattevaktene var frå åtte om kvelden til klokka ni om morgonen ein måned i strekk.

Opplæringa var for det meste å turnera frå den eine avdelinga til den andre, under rettleiing av oversøstre og legar, som ikkje gav seg for søstrene kunne sine ting. For Marie Joys var kirurgisk kvinneavdeling favoritten.

Ho trivdest på sjukehuset, ho fekk venner, ho lærte og ho fryda seg over den gode maten dei fekk. Når det kom til jule- og påskefeiring gav ho seg ende over, det formeleg strålar av begeistring frå sidene i erindringsboka, så ho hadde utvilsamt ein god porsjon livslyst!

Så ville skjebna at ikkje før var ho ferdig utlært, vart det ei krise på kirurgisk avdeling og dei sto utan oversøstre. Marie Joys fekk tilbod om stillinga, noko som gjorde henne heilt forskrekka, for ho var berre 23 år og følte at dette var meir enn ho våga ta på seg. Ho rådførte seg med mor si i Bergen som igjen spurde overlege Sandberg. Hans ord vart tunga på vektskåla for å seia ja: «Deres datter må absolutt ta posten, hvor umulig det enn synes henne; det blir jo et stort pre for henne å ha hatt en slik stilling.» Ho tok stillinga og greide seg godt.

På denne tida var det stor utvikling på utstysfronten og fabrikant Lautenschläger, som hadde levert sterilisatorautoklave vart god venn med Marie. Stadig kom han med nye og spanande apparat som ho fekk lov å bestilla inn.

Han hadde kanskje hatt sine baktankar med rådgjevinga, Jørgen Sandberg, for alt etter to år sende han brev med forespørsel



Frå intim barnestue på det gamle sjukehuset til stor sal på nye Haukeland. Fotografen er ukjent, men det er sansynlegvis fotografert ei tid etter at sjukehuset var nytt i 1912. Bygget heiter i dag Konrad Birkhaugs hus.

Bak sengene heng det handkle og forskjellig, noko som kan vera eit system dei har teke med frå Engen, som Marie i si tid hadde snappa opp i utlandet: «På samme tid hadde vår maskinmester etter modell jeg hadde sett på sykehus i utlandet, laget en rekke som kunne festes til hodegjerdet til alle våre nye senger. På denne rekken hang pasientenes håndklær, spiseduk og vaskekluter, likeledes var der et stativ til til termometerglass og termometer, et aluminiums tannkrus, kam og tannbørste. Dette var ualminnelig greit og praktisk, for så hadde hver pasient sine egne saker – ingen forveksling kunne finne sted, og fra da av hadde hver pasient sitt eget termometer.»



Marie Joys arbeida på Kirurgisk avdeling på Haukeland til ho vart pensjonist i juli 1933.

om Marie kunne komma til Bergen og verta oversøster ved kirurgisk avdeling.

Nok ein gang vart det avgjort under sterk tvil, og med tungt hjarte reiste Marie Joys frå Friedrichain, «det sykehus hvor jeg hadde følt meg så usigelig lykkelig».

ATTENDE I BERGEN

På sjukehuset i Bergen hadde dei teke til å læra opp sjukesøstre i samarbeid med Røde Kors, søstrene praktiserte på sjukehuset, der dei sjølvsagt også var arbeidshjelp. Problemet var at når dei var ferdige forsvann dei til Røde Kors sine eigne institusjonar, og sjukehuset stod att med berre nye og uerfarne.

I eit slikt personalskifte flytta Marie Joys inn på nyttårsaftan nokre timar før klokken ringte inn i 1898. Ho var ikkje høg i hatten då heller, men det skulle ikkje gå lang tid før ho vart glad i dette heller tungdrevne sjukehuset og alt det romma, og mest av alt i pasientane. Kirurgen Sandberg får gode skussmål:

«Min annen sjef, overlege Sandberg, var annerledes enn alle andre, for hvor grusom, vanskelig og innviklet operasjonen var, og hvor kritisk og spennende enn pasientens tilstand var, var overlegen alltid like rolig og behersket, aldri hørte vi ett oppfarende eller utålmodig ord. Nei, han var helt ut enestående storartet under operasjonene, og dette var jo vidunderlig for oss operasjonssøstre.

Som dei andre sjukepleiarane budde oversøster på sjukehuset, der ho hadde eit lite soverom og «en hyggelig liten stue, riktig pen med både sofa og lenestol.» Og det kom vel med, for ho passa på og heldt auge med alt og alle, ho las for pasientane og sat ved senga til dei nyopererte. Ho kunne stå opp midt på natta for å sjå etter, om ho vart bekyrma for nokon.

SJUKEPLEIARSKOLE I BERGEN

Særleg vart ho knytta til Camilla Struve som vart tilsett som oversøster på medisinsk avdeling i 1899. Ho kom frå Royal Infirmary i Edinburgh, og treårig sykepleiarutdanning der. Marie Joys skriv : «hun var en fremragende sykepleierske, en dyktig administrator og dertil et strålende menneske» og gjev samtidig Camilla Struve hovudæra for sjukepleiarutdanninga, som dei var med å starta i 1908.

Det er ikkje tvil om at begge brann etter å gje elevane den beste opplæringa. Kommunen løyvde pengar og saman med Bertine «Betty» Bull som var oversøster på Lungegården, oppretta dei Norges første treårige sykepleierskeskole, med opptak 3 gonger i året. Sandberg var leiar av skolen. Forhandlingane med kommunen tok dei to oversøstrene seg av : «Vi fikk nesten alltid det vi forlangte; frøken Struve og



Marie Joys' hus på Haukeland Universitetssjukehus Arkitekt: Origo arkitektgruppe. Passivhus. Foto: A.S. Herdlevær



Fasade Marie Joys' hus på Haukeland Universitets-sjukehus Arkitekt: Origo arkitektgruppe. Passivhus. Foto: A.S. Herdlevær

jeg gikk inn til borgermesteren, for det hjalp alltid å tale med ham personlig når han skulle anbefale vårt andragende».

Det var berre ugifte kvinner som kunne vera elevar i dei dagar. Dei skulle stilla med eigen uniform, enten ferdigkjøpt, eller dei måtte skaffa stoff og sy sine 4 kjolar og 12 forkle (ulike kjelder opererar med litt forskjellige antal). I tillegg måtte det deponerast kr. 100, som dei fekk att med renter etter ferdig utdanning, men som dei tapte om dei slutta før. Det var ikkje alle som hadde råd til gå i sykepleien, sjølv om dei hadde «fri stasjon» altså kost og logi, som dei var pliktige til å nytta seg av. Om dei ville gifta seg undervegs, måtte pent slutta på skolen. Når dei gjekk i uniform måtte dei heller ikkje verta sett på gata i følgje med ein mann. Sjansane var vel ikkje så store, når dei berre hadde ein friettermiddag, først annakvar veke og seinare kvar veke.

Frå første dag måtte dei jobba på sjukehuset, for ei heller lita lønn. Dagen starta like etter frokost kl. 06 og vara til kl. 20 med ein fritime i løpet av dagen. To som var elevar i 1908 fortel at dei hadde stor respekt for dei oversøstrene. Frøken Bull var ei staseleg dame og henne kalla dei for «dronningen», frøken Struve var korrekt og streng, men rettferdig, og frøken Joys var «bare skjønne og alle elsket henne».

Men alle tre oversøstrene var ambisiøse og ville at deira elevar skulle ha solid utdanning, og at dei skulle verta dei beste som ferdige søstre. Dei fekk ofte gleder av å få skryt av søstrene dei sende ut i verda.

Både Marie Joys og Camilla Struve reiste mykje til utlandet når dei hadde ferie, og ofte var dei inno andre sjukehus og skular for å læra og halda seg oppdaterte.

Ein dag i 1909 tipsa ein pasient om ein internasjonal sykepleiarkongress som skulle vera i London. Både overlege Sand-

berg og dei andre på sjukehuset ivra på at dei måtte reisa, så dei to damene drog avstad som dei einaste deltakarane frå Norge.

1912- NYTT SJUKEHUS OG NYTT FORBUND FOR SYKEPLEIERSKER

Neste kongress skulle vera i Köln 1912, og dette året vart svært innholdsrikt for Marie Joys. Først kom flyttinga til det nye sjukehuset på Haukeland, noko ho fann vanskeleg, det einaste ho gleda seg til var sentralvarmen og det kan ein forstå, når det skal ha vore 11 fyringsovnar på Engen.

I starten var det mange ting som ikkje fungerte i dei nye bygga, så ho var både glad og letta då ho kunne reisa til kongressen i Köln i august same år, og ho var sikker på at dei andre på sjukehuset pusta letta ut dei óg.

Denne gongen var dei seks søstre frå



Norge, mellom anna Bergljot Larsen frå Kristiania som dei tidlegare hadde snakka med om tanken på eit landsforbund.

Ikkje lenge etter kongressen kom det bod frå Kristiania om at tida var inne, og frå Bergen reiste Marie Joys, Camilla Struve og fire til.

Den 24. september vart Norsk Sykepleierskeforbund stifta. Bergljot Larsen vart formann. Samstundes oppretta dei medlemsbladet «Sykepleien» som eksisterer den dag i dag.

Men 1912 hadde meire på lager for Marie Joys. I oktober braut Balkankrigen ut og det kom eit brev frå tidlegare kollega frå Tyskland, søster Marianne La Fontaine, som inntrengande ba Marie om å komma til hospitalet i Konstantinopel. Marie var ikkje tvil i om at ho skulle reisa.

TIL KONSTANTINOPEL

Det mangla ikkje på advarslar, men Jørgen Sandberg var positiv denne gongen òg, for han hadde erfaring frå krigslasarett i Tyrkia sjølv. Frøken Struve var fortvila og trudde at Marie aldri ville komma levande heim att.

Berre tre dagar etter at brevet kom, set ho på toget med alle sparepengane sine i reisekassa.

Ein venn av broren møter henne på stasjonen i Kristiania og overleverer anbefalingsbrev, politipass og ministerpass, før han ser henne vel avgarde på utanlandstoget.

Du snakkar om å snu seg på femøringa, og her går vi og trur at alt er så

effektivt i dag, når alt er på data!

I Berlin gjorde ho eit stopp for å sjå innom på gamle tomter, og kanskje få litt råd på vegen, men Oberin vart like oppskjorta som Camilla Struve. Ho hadde alltid visst at dei norske var vågelege, men at dei var så galne at dei reiste aleine til krigen og koleraepidimiane som herja, det hadde ho ikkje trudd.

Stakkars Marie Joys var ikke vidare høg i hatten då ho entra toget igjen. Men no hadde eventyret starta og her møtte ho ei frue som hadde underskjørtet fullt av ordenar, som ho skulle selja til den rumenske kongen. Denne kvinna såg lysare på livet, og sette mot i henne som var på veg til krigen. På resten av turen fekk Marie Joys følgje med tyrkiske legar som var heimkalla frå andre land i Europa.

I Konstantinopel venta store opplevingar, og voldsame kontrastar mellom arbeidet med dei såra og luksusen i selskapslivet.

På sjukehuset forstod ho snart at ho måtte verna seg mot kolera- og andre basiller, lopper og lus og iføra og solide ermeforkle og lauparstøvlar som talte det meste. Her var det mykje å sjå og mykje å oppleve. Ein annan kultur, sultanar, moskèar og slørklede kvinner og mest av alt: Kunnskap å henta.

Då ho returnerte til Bergen i mars 1913 og hadde vore vitne til all jammer og redslar ein krig har med seg, var ho overtydd om at ingen sivilisert stat nokon gong kunne gå til krig igjen!

Også frå Tyrkia hadde ho med seg

noko til avdelinga; på ein julefest der nede hadde ho sett nokre flotte lysetakar som ho fekk laga kopi av heime i Bergen, og desse vart sidan alltid brukt ved julefeiringa på Haukeland. Ho kunne ikkje tenkja seg julefeiringa utan «de tyrkiske».

Sidan vart det mange travle år på Haukeland. Det kom krig i Europa, spanskesykje og bybrann her heime, men det største slaget var då Camilla Struve fekk lungebetennelse og døydde i 1923, berre litt over 52 år gamal.

Sjølv arbeida Marie Joys til ho gjekk av med aldersgrensa i 1933. Og Backer-Grøndal som starta denne saga, skal få avslutta historia om ei svært spesiell kvinne og sjukepleiar, som hadde så mykje å gjø.

«Hun var uendelig beskjeden i sine fordringer og i tanken om seg selv. Jeg pleiet alltid å si til mine reserveleger at de på visitten måtte vokte nøye på frk. Joys. Hvis hun på en eller annen måte søkte å trekke dem ben til en pasient, som man ellers ikke trodde det var noe galt med - så måtte de følge vinket straks. «Let omhyggelig, så vil Dere alltid finne et eller annet som ikke er som det skal være. Hennes innsikt og erfaring kan ingen av dere hamle opp med.»

Aldri ble hun slapp eller sløvet i sin interesse under sitt lange liv som sykepleierske. Aldri dominerende heller. Men så hadde hun jo et rikt fond av humor. Det var en opplevelse å se henne på julaften når gavene skulle deles ut til pasientene, eller dansene og sangene om treet skulle finne sted. Hun kunne sette liv i alle».

Kilder:

- Marie Joys: «Erindringer», Cammermeyer forlag 1948. Nasjonalbiblioteket
- Johanne-Lovise Larsen : «Hver dag er en sjelden gave», festskrift til 90-årsjubileet for sykepleierutdanningen ved Høgskolen i Bergen 1908-1998
- Carl W. Janssen m. fl.: «Haukeland Sykehus», Eide Forlag 2001
- Kari Melby: «Kall og kamp» Norsk Sykepleierforbunds historie, J.W.Cappelens forlag 1990
- Jorunn Mathisen «Norsk biografisk leksikon» nett-artikkel om M.Joys.
- Link til Marie Joys «Erindringer», Nasjonalbiblioteket <https://www.nb.no/items/1c6539e084e9730583ef036763120595?page=0&searchText=joys%20erindringer@>